



Jarle Arvid Hope  
Hans Tangs gate 8  
5008 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/200 - 18/10068

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
22.03.2018

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 126/87 Hope

Byggjestad: Gbnr: 126/87 Litlåsvegen 82  
Tiltakshavar: Jarle A Hope  
Ansvarleg søkjar: Jarle Arvid Hope

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.01.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Vi kan ikkje sjå at det ligg føre utsleppsløyve for tiltaket. Det må difor sendast inn dokumentasjon på dette eller sendast inn søknad om utsleppsløyve. I førehandskonferanse vart følgjande opplyst: Det er og planlagt ein pumpeleidning for kloakk i området. Det er usikkert på kva tidspunkt denne vert etablert. Inntil vidare vil avløpet måtte skje frå privat anlegg med bruk av minireinseanlegg og vidare til bekk med heilårsvassføring. Det vert sett krav om at eigedommen må koplast til kommunalt avløpsnett når dette vert bygd ut.
2. Det er søkt om personleg ansvarsrett for heile tiltaket, men det ligg ikkje føre dokumentasjon på at ansvarsrettar for tiltaket vert ivareteke på ein tilfredsstillande måte, jf. Sak §6-8. Det må også sendast inn gjennomføringsplan som identifiserer dei ulike ansvarsområda for tiltaket.
3. Det må liggje føre løyve til utvida bruk av avkøyrsele til kommunal veg. Søknad kan rettast til eining for teknisk drift i kommunen.
4. Det må dokumenterast at det ligg føre vegrett til bruk av privat veg. Innsendt skøyte viser ikkje at det ligg føre vegrett over gbnr 126/13 og 126/7.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 30.04.18. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Jarle Arvid Hope  
Jarle Arvid Hope

Hans Tangs gate 8 5008  
Hans Tanks Gate 8 5008

BERGEN  
BERGEN